

## Openheitslova – utgreiing for 2024

Dette er ei utgreiing for vurderingar gjort i konsernet Voss Energi – morselskap og datterselskap i konsernet.

### Verksemد og verdigrunnlag

Voss Energi AS er eigmद av Voss herad og vert drive frå Voss. Drifta omfattar produksjon, distribusjon og omsetnad av elektrisk kraft og varme, samt levering av fiber- og breibandtenester. Konsernet Voss Energi omfattar morselskapet Voss Energi AS og datterselskapene Tendranett AS, Voss Energi Kraft AS, Voss Energi Produksjon AS, Voss Fiber AS og Hordaland Bioenergi AS. Datterselskapene er 100% eigmद av morselskapet med unntak av Voss Fiber AS der eigaparten var 80% i 2024. Voss Energi AS kjøpte resterande 20% av Voss Fiber AS 14.02.2025. Alle selskapene er lokaliserte i og vert drivne frå Voss.

Openheitslova skal fremma verksemder si respekt for grunnleggjande menneskerettar og anstendige arbeidsforhold. Arbeidet med menneskerettigheiter og anstendige arbeidstilhøve er forankra i konsernet sitt strategidokument og etiske retningslinjer, som bygger på Voss Energi sine verdiar: Berekraftig, kompetent og effektiv. Voss Energi sin visjon er «Vera lokal drivkraft for berekraftig utvikling». Helse, miljø og sikkerheit skal ha høg prioritet i alle konsernet sine oppgåver. Konsernet ønsker å arbeida systematisk for auka samfunnsansvar.

Voss Energi sine etiske retningslinjer stiller krav om at ein ved innkjøp skal sørge for at, tema knytt til miljø, arbeidsforhold, sosiale forhold, diskriminering og korruption vert vurdert.

Berekraft blir også brukt som tildelingskriterium i anbodskonkurransar og som kontraktskrav i anbodskonkurransar. Arbeidet med berekraft er godt i gang med fokus på å finne kva som er vesentleg for verksemda. Fokus på dette vil visa oss kvar me skal legga innsatsen vidare i arbeidet med berekraft. Det er planlagt å vera ferdig med ein dobbel vesentlegheitsanalyse før sumaren 2025 som vil visa oss kvar me har størst påverking og kva som påverkar oss mest.

Risikokartlegging og aktsomheitsvurderingar i tråd med openheitslova er ein del av berekraftsarbeidet og skal forsterkast i åra framover. Prosessen startar med å få ei oversikt over selskapene i konsernet sine største leverandørar, og ei vurdering av risiko for menneskerettigheitsbrot i tilknyting til desse. Vurderingar skal ta for seg bransjerisiko, produktrisiko, geografisk risiko og risiko på verksemdsnivå. Ansvaret for å koordinere oppfølging av openheitslova er plassert i konsernleininga og hjå innkjøpsansvarlege.

### Vår verksemد

Hovudverksemda til Voss Energi er produksjon, overføring og omsetning av elektrisk kraft, samt utbygging og drift av fibernetverk og fjernvarme. Vi sel også varmepumper og elbilladarar til private. Konsernet Voss Energi har hovudkontor i Voss herad. Mesteparten av verksemda skjer innan Voss herad sine grenser.

## Våre tredjepartar

Voss Energi er ein av dei store innkjøparane av varer og tenester i Voss herad. Vi har om lag 900 leverandørar, frå dei heilt lokale og små til store internasjonale selskap. Leverandørane var i 2024 fordelt som følger:

Selskap	Største leverandørar
Mor	IKT, støtte til kultur og idrett, juridisk, finans, personell mm.
Nett	IKT, leverandørar av materialar og teknisk utstyr, entreprenørar
Produksjon	Leverandørar av materialar og teknisk utstyr, entreprenørar
Kraft	IKT, kraftkjøp, materiell og teknisk utstyr
Fiber	Tenester, leverandørar materiell og teknisk utstyr, entreprenørar
Bioenergi	Leverandørar av materialar og teknisk utstyr, entreprenørar

## Særlege risikoområde

Aktsomheitsvurderingar har ikkje avdekkja faktiske negative konsekvensar hjå våre leverandørar, men vi har avdekkja risiko for negative konsekvensar.

Alle selskap kan ha risiko for eksponering knytt til leverandørar frå bransjar som er kjent for uryddige forhold i høve til lønn, tilsettingstilhøve og arbeidsforhold for utanlandske arbeidstakrar.

Nettselskapet og produksjonsselskapet har risikoeksponering knytt til produkt produsert i eller med råmateriale frå lågkostland, deriblant land der menneskerettigheiter og arbeidstakrettigheiter ligg på et lågare nivå enn i Noreg. Dette gjeld gjerne produkt med en lang verdikjede som i tillegg kan være vanskeleg å følgja opp. Lov om offentlege innkjøp gjeld for nettselskapet sine innkjøp, der det vert stilt strenge krav til bl.a. lønns- og arbeidsvilkår.

Fiberselskapet har også risiko for eksponering knytt til produkt og materiell som vert brukt i deira leveransar. Det gjelder spesielt hardware og utstyr som kan være produsert i land der den grunnleggjande respekt for menneskerettigheiter er på lågare nivå enn i Noreg, som f.eks. i Kina. Mesteparten av fiberselskapet sine innkjøp går via anerkjente leverandørar.

Kraftselskapet har risikoeksponering knytt til nokon av produkta. Varmepumper er eit produkt det er knytt noko risiko til då produktet er produsert i eller med materiale frå lågkostland.

## Varslingskanal

Brot på etiske retningslinjer kan meldast anonymt i konsernet sitt internkontroll-/kvalitetssystem.

## Vegen vidare

Aktsomheitsvurderingar medfører at vi har behov for å vurdera tiltak for å redusere risikoen i våre verdikjeder. Me er godt i gong med arbeidet rundt ein dobbel vesentlegheitsanalyse, og dette arbeidet vil gje oss betre informasjon om kvar vi setta inn tiltak.

Vi tek sikte på at våre leverandørar skal stadfesta at leveransen deira er i tråd med våre etiske retningslinjer, og dermed stadfesta deira vurderingar knytt til openheitslova. Vi vurderer også om det er å utarbeida eigne etiske retningslinjer for leverandørar.

Internt skal vi jobbe for auka bevisstgjering og synlegheit av våre interne etiske retningslinjer, samt delta i bransjesamarbeid knytt til ansvarlege innkjøp (bl.a. i regi av Fornybar Norge og Samfunnsbedriftene).